



Saksnr.	Utval	Møtedato
036/24	Formannskapet	15.05.2024

Uttale til konsesjonssøknad - Blådalselva småkraftverk

Vedlegg i saka:

22.04.2024 blådalselva kartvedlegg

Kort samandrag av saka

Kommunedirektøren er redd fokuset på klimaomstilling og kraftbehov i for stor grad kan kome til å overskygge det aukande fokuset på naturkrise og tap av naturmangfald. I denne saka er kommunedirektøren komen til at kraftbehovet og dei økonomiske fordelane for grunneigarar, næringsliv og kommunen ikkje trumfar dei negative konsekvensane for biologisk mangfald og landskap. Kommunedirektøren tilrår difor at Gloppen kommune sender ein negativ uttale til konsesjonssøknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet i Gloppen er uroa over tap av naturverdiar og konsekvensane av anleggsarbeida i til dels svært krevjande terreng, og ønskjer difor at det ikkje blir gitt konsesjon til Blådalselva kraftverk.

Dersom konsesjon likevel blir gitt ber formannskapet om at NVE set strenge krav til naturrestaurering etter anleggsarbeidet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Blådalselva kraftverk ut til offentlig gjennomsyn med merknadsfrist 29.04.2024. Søknaden er utlagt på Gloppen kommune si heimeside, og er difor ikkje vedlagt dette saksdokumentet. Gloppen kommune har fått innvilga utsett høringsfrist til 20. mai, med tanke på politisk behandling av søknaden.

Fakta i saka

NVE har fått søknad frå Kandal Kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til bygging av Blådalselva kraftverk i indre Kandal, og har lagt søknaden ut til offentlig gjennomsyn. Kandal Kraftverk AS har inngått avtale med grunn- og fallrettseigarane om utbygging og drift av kraftverket.

Kraftverket er planlagt med inntak i Blådalselva på kote 331. Her er det skissert eit såkalla Coandainntak, som er ein om lag 2.5 meter høg betongterskel med rist og inntakskonstruksjonar nedstrøms. Vedlagt kart viser korleis røyrgata på om lag 840 m er tenkt plassert i terrenget, ned til kraftstasjonen på kote 142 ved Kandalselva. Røyr med diameter 600mm skal gravast ned i lausmasse som på arealressurskart er klassifisert dels som open fastmark og dels som lauvskog, begge med særskilt høg bonitet. Det er i søknaden antatt at dette for det meste er morenemasse.

Ein skal dels nytte eksisterande landbruksvegar for tilkomst, men det er planlagt 550 m mellombels

veg til inntaket og 160 m ny permanent veg til kraftstasjonen. I tillegg vil det nødvendigvis bli ein mellombels anleggsveg langs heile røyrгатetraseen, og det vil vere behov for noko opprusting av dei eksisterande vegane.

Kraftstasjonen er plassert i eit bygg på 80 – 100 m² ved elva, tilpassa lokal byggeskikk og sikra mot 200-års flaum. Det skal monterast ein peltonturbin med installert effekt på 1.6MW. Forventa middel årsproduksjon er 1.8GWh vinterkraft og 3.0GWh sommarkraft, til saman 4.8GWh. Slukeevna er på 1000 l/s, eller om lag 2.3 x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 80 l/s på vinteren og 20 l/s om sommaren.

Det går 22kV kraftlinje med tilstrekkeleg kapasitet i nærområdet, og det er planlagt 100 m luftlinje over elva og 150 m jordkabel vidare til tilknytingspunkt. Veg og trase for kraftlinje er også vist på vedlagt kart.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 24.8 mill. som gir ein utbyggingspris på 5,10 kr/kWh, som søkjar omtalar som låg utbyggingspris. Det må bety at ein nå legg til grunn langt høgare kraftpris for å berekne lønsemd enn det ein gjorde for ein del år sidan. Søkjar nemner at prosjektet i anleggsperioden vil bidra med 3-5 årsverk, og vil styrke næringsgrunnlaget for fallrettseigarane gjennom leigeinntekter. Dei meiner dette vil kunne bidra til framhald av lokal busetting og utvikling.

For kommunen sin del vil kraftverket kunne gi eit lite økonomisk bidrag ved auka skatteinnangang frå lokale personar/verksemdar som får inntekter frå fallrettsleige, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald. I tillegg er det eigedomsskatt på småkraftverk. Ut frå eksisterande småkraftverk i drift kan ein anta at årleg eigedomsskatt kan bli ein plass mellom 80 – og 100.000,- , men kommunedirektøren vil streke under at dette er usikre tal.

Kommunedirektøren meiner uansett at utsiktene til auka kommunale inntekter ikkje kan vere avgjerande for kommunen si innstilling i denne og tilsvarende saker.

Konsekvensar for klima og miljø

Klimakonsekvensen er produksjon av meir fornybar kraft som vi isolert sett ikkje har bruk for lokalt, fordi det alt er langt større kraftproduksjon enn kraftforbruk i Gloppen. I eit nasjonalt/internasjonalt perspektiv er det stadig bruk for meir fornybar kraft for å redusere klimagassutsleppa, men samfunnet må etter kommunedirektøren si vurdering etter kvart også få eit sterkare fokus på generell reduksjon i forbruk som løysing på klimakrisa.

Naturkartlegginga har mellom anna følgjande oppsummering:

I øvre del av influensområdet er det registrert tre rødlistede naturtyper, en naturbeitemark, en fosse- eng og et fosseberg, alle med stor verdi. Blådalselva er i seg selv en nær truet naturtype (elvevannmasser) med middels verdi og er også et funksjonsområde for ikke-anadrom fisk og er vurdert til å ha noe verdi på aktuell elvestrekning og middels verdi nedstrøms vandringshinder for storørret fra Breimsvatnet. Flora og fauna består av vanlige og vidt utbredte arter, det ble ikke registrert rødlistede arter i området som ikke var kjent fra før. Det er derfor heller ikke avgrenset funksjonsområder for arter i influensområdet, men fossefall er antatt å bruke Blådalselva til næringssøk og hekking. Øvrige naturområder som ikke er påvirket av tekniske inngrep eller består av oppdyrket mark vurderes å ha noe verdi. Etablering av kraftverk medfører støping av inntak, nedgraving av rørgate og etablering av tilkomstveger, riggområder, kraftstasjon og kraftlinje. Arealbeslagene vil føre til inngrep i naturbeitemarken og i fosse-engen. Tiltaket vil også medføre sterkt redusert vannføring mellom inntak og kraftstasjon. Dette vil berøre funksjonsområdet for fisk, eventuelle hekkelokaliteter for fossefall og fuktighetskrevede lav og moser i elven. Samlet vurderes konsekvensen for naturmangfoldet å være middels negativ (--).

Sosiale konsekvensar

Ingen direkte

Vurdering opp mot planverk

Tiltaket ligg i LNF-område og er avhengig av dispensasjon frå bygge- og deleforbodet i kommuneplanen for å kunne realiserast. I tidlegare utbyggingssaker har dispensasjon vore gitt administrativt dersom det har vore gitt positiv politisk uttale til konsesjonssøknaden og NVE har gitt konsesjon.

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunestyret vedtok for fleire periodar sidan følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Glommen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*
- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

Kommunedirektøren kan ikkje vere sikker på at nåverande kommunestyre framleis stiller seg bak desse kriteria, men har førebels ikkje noko betre å bygge saksutgreinga på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging
Konsesjonssøknaden framstiller anleggsarbeida som lite kompliserte og at det vil vere relativt kurant å tilbakeføre terrenget til opprinneleg tilstand etter nedgraving av røyrgata. Etter synfaring og kartsjekk finn kommunedirektøren grunn til å problematisere dette noko meir. Særleg inntaksområdet, der dei største naturverdiane etter naturkartlegginga er lokalisert, har svært krevjande topografi, med terrenghelling ned mot elva omkring 1:1. Elveløpet til sideelva som kjem inn rett nedanfor inntaket låg ved synfaring 5. april fullt av snø etter snøras. Det vil vere krevjande å reetablere naturleg stabilt terreng i dette området, og så godt som umogleg å utbetre eventuelle skader/utrasingar etter avslutta anleggsarbeid. Vidare nedover går røytraseen i stor grad gjennom glissen gråorskog i terreng som framstår som grov morene. Anleggsvegen ovapå eksisterande landbruksveg går i hovudsak i ope bratt terreng (stort sett 1:2 – 1:3), dels beitemark og dels ur. Dersom ein får til å reetablere terrenget på tilfredsstillande måte vil det permanente inngrepet dreie seg om lite synlege inntakskonstruksjonar i elva, ein kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil ved elva, og strømlidning i luftspenn over elva. Utbyggingsområdet er godt synleg frå vegen inn mot Mykland, men det er fossen rett oppstrøms inntaket ein legg mest merke til. Så lenge skogen rundt elva ikkje blir fjerna, vil fjernverknaden av redusert vassføring vere svært liten. Men kommunedirektøren er redd det vil gå mange år før terrenget i røyrgate og anleggsveg igjen vil framstå som urørt av tyngre tekniske inngrep.
2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)
Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på landbruket. Det er noko dyrka mark på begge sider av elva innafor influensområdet, men ingen ting som kjem direkte i berøring med anleggsarbeid. Fallrettsleiga inneber ei begrensa inntekt som truleg ikkje er avgjerande for framtidig landbruksdrift, utbygginga kan dempe nokre flaumtoppar, men så djupt som elva ligg i terrenget har dette neppe stor praktisk betydning.

3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)
Det er seriøs satsing på auka turisme i Indre Kandal. Sølvane gard med det såkalla klyngetunet vil kunne bli påverka negativt, kanskje først og fremst i anleggsfasen, i og med at tilkomstvegen til anleggsområdet ligg tett ved. Kommunedirektøren kan elles ikkje sjå at dette punktet vil vere avgjerande.
4. Naturinngrep
Dette er i hovudsak referert under *Konsekvensar for klima og miljø og Visuelt inntrykk etter utbygging*. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at konsesjonssøknaden vurdere samfunnsnyttan av auka kraftproduksjon opp mot tap av naturverdiar. Det er eit aukande fokus på at vi parallelt med klimakrisa har ei naturkrise, og det er slik sett ikkje gitt at auka kraftproduksjon alltid skal trumfe tap av naturmangfald. Søkjar seier følgjande om ulemper: *Det vil bli 9-12 måneder med anleggsvirksomhet. Ikke registrert ulemper som berører allmenne interesser.* Kommunedirektøren er som tidlegare nemnt usikker på om denne framstillinga er heilt korrekt.
5. Samla utbygging i området
Kandalselva er utbygd, konsesjon gitt i 2007, og har redusert vassføring innafor det same landskapsrommet. Konsesjonssøknaden for Kandalselva kraftverk inneheldt i utgangspunktet søknad om overføring av Blådalselva med inntak på kote 295, men det vart ikkje gitt konsesjon til denne overføringa. Grunngevinga var i hovudsak knytt til merknader frå Fylkesmannen om tap av inngrepsfrie naturområde. NVE si vurdering var at det var Blådalselva sitt bidrag med restvassføring i Kandalselva som var hovudargumentet for å ikkje gi konsesjon til overføringa. Kommunedirektøren har ikkje greid å lese ut av konsesjonssøknaden eller oversendinga frå NVE kva som er endra frå 2007 som gjer at det nå er aktuelt å vurdere eit meir omfattande inngrep i Blådalselva på nytt.
6. Kraftlinjeføring
Linja AS har informert om at 22kV linja ut frå Kandal har tilstrekkeleg kapasitet, men at det kan vere begrensingar i overliggande nett som må utbetrast før anlegget kan koplast til. Jordkabelen ned til påkoplingspunktet er teikna inn på overflatedyrka jord i relativt bratt terreng, men det ser ut til at traseen i hovudsak følgjer røyrгатetraseen for Kandalselva kraftverk.
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Elva har ei berekna middelvassføring på 430 liter pr. sekund. 5-persentil sommar er berekna til 175 l/s (som søker trur er eit høgt anslag) og 5-persentil vinter 20 l/s. 5-persentil betyr at vassføringa på 5 % av dagane eit gjennomsnittså er under angitt verdi, og har ofte vore brukt som tilrådd minstevassføring. Det er planlagt minstevassføring på 20 l/s på vinteren og 80 l/s på sommaren. Slukeevna på 1000 l/s eller 235 % av middelvassføringa er valt for å gi best økonomi i prosjektet. Det er berekna at vassføringa vil vere over slukeevna vel 30 dagar eit middels år og så lite som 8 dagar eit tørt år. Elva har relativt mykje grov blokk, slik at ein må rekne med at minstevassføringa om vinteren i praksis vil framstå som tilnærma tørrlagt elv, sjølv om det også er noko tilførsel av vatn mellom inntaket og samløpet med Kandalselva.
8. Økonomi
Sjå punktet «økonomiske konsekvensar for kommunen»
9. Eigarskap
Kandal Kraftverk AS c/o Cadre AS med adresse Kristiansand. Kommunedirektøren har ikkje kjennskap til om nokon lokalt kan ha eigarandelar i selskapet. Fallrettsleiga vil uansett vere knytt til den enkelte grunneigedomen.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

Konklusjon

Kommunedirektøren er i tvil om det kan vere nødvendig å opne for utbygging av Blådalselva. Som nemnt har ikkje kommunen isolert sett bruk for utbygginga, og tiltaket inneber krevjande anleggsarbeid med litt usikker visuell verknad på kort og mellomlang sikt, samt tap av sårbar natur. Kommunedirektøren har difor konkludert med å tilrå at det blir sendt høyringsuttale frå Gloppen kommune med ønske om at det ikkje blir gitt konsesjon.

Formannskapet 15.05.2024

Behandling

Forslag frå Gloppen Sp, framlegg frå Per Jarle Myklebust, Senterpartiet

Formannskapet i Gloppen er positive til at det vert gjeve konsesjon for Blådalselva kraftverk.

I eit nasjonalt/internasjonalt perspektiv, der det stadig er bruk for meir fornybar energi vurderer ein at fordelane er større enn ulempene.

Fellesforslag frå H, AP, V, Krf, Sp og SV, framlegg frå Beate Dybendal Nordvik, Høgre

1. Formannskapet i Gloppen er positiv til utbygging av Blådalselva kraftverk. Det er viktig at tiltaket kan gjennomførast utan vesentlege inngrep i naturtypar med stor verdi i tiltaksområdet. Det må settast krav om avbøtande tiltak knytt til lokalitetane om inngrep i naturtypar med stor verdi ikkje kan avgrensast.

2. Det er viktig at det settast tilstrekkeleg minstevassføring og at kraftverket køyrast utan brå vassføringsendringar for å ta vare på fiskebestand og andre ferskvassorganismar i elva.

Per Jarle Myklebust (Sp) trakk Senterpartiet sitt forslag. Senterpartiet og SV ba om å vere med som forslagsstillar til fellesforslaget.

Fellesforslaget frå H, Ap, V, KrF, Sp og Sv vart så samtøystes vedteke.

FOR- 036/24 Vedtak

1. Formannskapet i Gloppen er positiv til utbygging av Blådalselva kraftverk. Det er viktig at tiltaket kan gjennomførast utan vesentlege inngrep i naturtypar med stor verdi i tiltaksområdet. Det må settast krav om avbøtande tiltak knytt til lokalitetane om inngrep i naturtypar med stor verdi ikkje kan avgrensast.

2. Det er viktig at det settast tilstrekkeleg minstevassføring og at kraftverket køyrast utan brå vassføringsendringar for å ta vare på fiskebestand og andre ferskvassorganismar i elva.

Vedtaket var samrøystes.